


2025 — 2037

**RISIKO- OG
SÅRBARHEITSANALYSE**

**Kommuneplanen sin
arealdel for Gol kommune**



Innhald

Innleiing	4
Analyseobjekta	4
Viktige omgrep	5
Forhold til overordna ROS-analyse	5
Metode for risiko- og sårbarheitsvurdering	5
Vurderingskriterium og akseptert risiko	6
Sannsyn for uønskte hendingar:	6
Sannsyn uønskte hendingar knytt til naturfare:	6
Konsekvens	8
Risikomatrise	9
Sårbarheitsvurdering av aktuelle hendingar	9
Skred	10
Ekstremnedbør og flaum	11
Dambrot	12
Vind	12
Forureining	12
Jernbane	13
Radon	13
Brann	14
Trafikk	16
Hendingar sin påverknad på kvarandre	18
1. Søråsen	19
1.1 Rauddalen	19
2. Herad	21
2.1 Halli, 5/26 – B-1	21
3. Valdresvegen frå Åsgardane til Valdres grense	23
3.1 Åsgardane barnehage, 11/48 – KBA-3	23
3.2 Åsgardane, 12/1 og 12/4	25
3.3 Smøget, 9/34 – RU-5	27
3.4 Hamarstad – FB-7	29
3.5 Tretteskogane, 25/50 – FB-16	31
3.6 Bjørkum, 28/48 – FB-16	33

3.7	Bjørkum, 5/101 – FB-2	35
3.8	Johannesdalen, 12/2 – FB-6	37
3.9	Tubbehaugen camping, 28/23 – FTU-3	39
3.10	Røyseskogen – FB-23	41
3.11	Furuhyttremmen, 13/17 – område 2	43
3.12	Furuhyttremmen, 13/17 – område 3	45
3.13	Nystølfjellet, 4/136 – FB-1	47
4.	Golsfjellet aust.....	49
4.1	Storefjell, 24/65 – KBA-6	49
4.2	Einarset, 24/9 – FB-9	50
4.3	Kamben, 11/15 – FB-27	52
4.4	Kamben, 10/316 – FB-28	53
4.5	Kamben, 23/32 – FB-29	54
4.6	Ørterestølen – NÆ-6.....	55
4.7	Ørterstølen, 4/7 – KBA-8	57
4.8	Storefjell – Bualie – samanbinding skiheis, 10/6 – IDR-1.....	59
4.9	Bualie vest, 13/20 – FB-21.....	61
4.10	Bualie midt, 13/20 – FB-24	63
4.11	Buo, 13/21 – FB-22	64
4.12	Bualie nord, 13/20 – FB-20	65
4.13	Guriset, 13/265 næring	66
4.14	Guriset, 13/15 – NÆ-2	67
4.15	Guriset, 13/265 fritid – FB-10	68
4.16	Oset, 23/11 og 23/92.....	69
4.17	Oset, 23/11	70
4.18	Oset Høyfjellshotell, 23/208 – KBA-9	71
4.19	Oset/Tisleia, 13/265 – FB-30	72
5.	Golsfjellet vest.....	74
5.1	Løggestølen, 38/21 – FB-26	74
5.2	Auenhauglie, 46/31	76
5.3	Auenhauglie, 29/1 – FB-25	78
5.4	Auenhauglie, 25/33 – FB-25	80
5.5	Auenhauglie, 27/25 nord.....	82

5.6	Auenhauglie, 27/25 sør – FB-17	84
5.7	Auenhauglie, 29/2 – FB-25	87
5.8	Golsfjell Fjellstue, A1, 37/9 – FB-25	89
5.9	Lauvsjø, 31/62, 38/3, 31/8	91
5.10	Lauvsjø, 38/3	93
5.11	Lauvsjø, 35/12 – FB-32	95
5.12	Lauvset, ved Blakkestad hyttefelt, 28/2 – FB-18	96
5.13	Lauvset, ved Sagabråten seter, 33/12 - FB-19	97
5.14	Fuglehaugen – IDR-2.....	99
5.15	Granheim, 50/2 og 3 – FB-31.....	101
6.	Skaraåsen	103
6.1	Nystølsameiga, 17/72 – FB-15	103
7.	Rotneim	104
7.1	Rotneim barnehage, 17/109 – KBA-10	104
7.2	Vermefoss, 17/20 og 17/238.....	106
8.	Golreppen – Øygardane	108
8.1	Skaga, 23/6 og 23/125 – T-1	108
8.2	Gol kyrkje, 28/10 og 33/1 – GU-1	109
8.3	åving camping, 41/70 – FTU-6	111
8.4	Øygardane barnehage, 47/37 og 47/38 – FTU-5	113
	Oppsummering av risiko og sårbarheit	115
	Oppsummering.....	118
	Bibliografi	119

Innleiing

Kommuneplanen sin arealdel er under revisjon. Kommuneplanen omfattar heile Gol kommune utanom Gol tettstad.

Plan- og bygningslova § 4-3 (2008) seier at det skal gjennomførast risiko- og sårbarhetsanalyse ved utarbeiding av planar for utbygging. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging.

Det vart utarbeidd ein ROS-analyse for Gol kommune i 2017, som mellom anna skal sikre trygg arealplanlegging i mellom anna kommuneplanar, reguleringsplanar og temaplanar inklusiv hovudplan for vatn og avløp.

Føremålet med ROS-analysen er å gi ein overordna og representativ framstilling av risiko for helsepåverknad, tap av menneskeliv, forureining og tap av materielle verdiar knytt til arealbruken.

Følgjande føresetnader er lagt til grunn:

- Analysen er overordna.
- Den er avgrensa til temaet samfunnstryggleik slik det er skildra av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB).
- Den omfattar berre områda som får nye føremål etter kommuneplan frå 2011.
- Den er avgrensa til vurdering av enkeltståande representative hendingar.
- Tilsikta hendingar fell utanom analysen.

DSB tilrar at ei ROS-analyse omfattar:

- Risiko- og sårbarhetsforhold som er vesentleg for å ivareta samfunnstryggleik.
- Forhold i omkringliggende område som kan få konsekvensar for planområdet.
- Endringar i risiko- og sårbarhetsforhold som følge av planlagt utbygging.
- Risiko- og sårbarhetsforhold i kombinasjon, herunder verknader av endra konsekvensar når ein legg på klimapåslag for relevante naturforhold.
- Moglege konsekvensar av utbygginga for omkringliggende område.
- Vurderingar om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å vurdere risiko og sårbarheit, eller om ROS-analysen må følgast opp gjennom nærmare kartlegging.

Analyseobjekta

Analyseobjekta dreier seg om den framtidige arealbruken i kommuneplanen. Det er føreslege å ta omsyn til 36 av innspela som kom inn. Enkelte av innspela ligg i same område, og stort sett alle innspela dreier seg om fortetting eller utviding av eksisterande område.

Viktige omgrep

Tabell 1: Viktige omgrep. Henta frå Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging, side 20.

Omgrep	
Sannsyn	Eit mål for kor truleg det er at ei bestemt hending inntreffer i planområdet innanfor eit visst tidsrom.
Sårbarheit	Vurderer motstandsevna til utbyggingsføremålet, samfunnsfunksjonane og eventuelle barrierer, og evna til gjenoppretting.
Konsekvens	Verknaden den uønskte hendinga kan få i eit planområde
Usikkerheit	Handlar om å vurdere kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for ROS-vurderinga.
Barrierar	Eksisterande tiltak, for eksempel flaum-/skredvoll, sikkerheitssonner rundt farleg industri eller varslingssystem som kan redusere sannsyn for og konsekvensen av ei uønskt hending.
Tiltak	I oppfølging av funn frå ROS-vurderinga kan det bli avdekt behov for tiltak for å redusere risiko og sårbarheit. Det kan vere forbetringar i barrierar eller nye tiltak.

Forhold til overordna ROS-analyse

Den overordna ROS-analysen for Gol kommune skal gi kunnskap om risiko og sårbarheit ved å redusere sannsyn for at ei uønskt hending skjer, og for å redusere konsekvensar dersom ei uønskt hending skjer (Gol kommune, 2022). I den overordna ROS-analysen er trygg arealplanlegging (klimatilpassing) truleg det viktigaste risikoreduserande tiltaket å ta med seg i arbeidet med ny kommuneplan.

Trygg arealplanlegging inngår i kategoriane skred/ras og ekstremvær, og formålet er å sikre at ny bebyggelse i minst mogleg grad er utsett for fare.

Av nye eller endra område, er det eitt område som ligg innanfor omsynssone ras og skred.

Metode for risiko- og sårbarheitsvurdering

Metoden er basert på DSB sine rettleiarar «[Samfunnssikkerhet i arealplanlegging](#)» og «[Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen](#)».

Risiko er knytt til uønskte hendingar, det vil sei hendingar som i utgangspunktet ikkje skal inntreffe. Det er difor knyttt uvisse til både om hendinga vil inntreffe (sannsyn) og omfanget (konsekvens) av hendinga dersom den inntreffer.

Arbeidsmetodikken omfattar følgande trinn:

- Fareidentifikasjon – kartlegging av moglege uønskte hendingar
- Sannsyn for at ei hending skal inntreffe
- Konsekvens dersom ei hending inntreffer
- Risiko
- Vurdering av sårbarheit

I rettleiaren «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging – Metode for risiko og sårbarhetsanalyse» står det at

*I ROS-analyser til **kommuneplanens arealdel** identifiseres mulige uønskede hendelser gjennom kartlegging av risiko- og sårbarhetsforhold (jf. PBL § 4-3), se figur 2. I kapittel 4.3 beskrives hvordan mulige uønskede hendelser kan identifiseres.*

I arbeidet med reguleringsplaner vil det foreligge mer detaljert kunnskap om planområdet og utbyggingsformålet. Dette kan bety at sikkerhetskrav som man ikke hadde tilstrekkelig kunnskap om i arbeidet med kommuneplanens arealdel, kan være aktuelle i arbeidet med reguleringsplan. Ved ROS-analyser på dette nivået, tilrettelegger metoden for å fange opp slik kunnskap.

Vidare seier rettleiaren at

*Veilederen tar utgangspunkt i at den samme metoden brukes både ved ROS-analyser i kommuneplanens arealdel og i reguleringsplaner. **DSB anbefaler at risiko og sårbarhet utredes så langt som mulig i kommuneplanens arealdel.** ROS-analyser for reguleringsplaner skal følge opp ROS-analysen fra kommuneplanens arealdel og dermed fange opp mer og detaljert kunnskap.*

Vurderingskriterium og akseptert risiko

Sannsyn for uønskte hendingar:

Vurdering av sannsyn for uønska hendingar er generelt delt inn i:

Tabell 2: Vurdering av sannsyn for uønskte hendingar.

Sannsyn		
5	Pårekast	Skjer kvar veke/forhold som kontinuerleg er til stades
4	Særs sannsynleg	Skjer månadleg/forhold som opptrer i lengre periodar, fleire månader
3	Sannsynleg	Skjer årleg/kjenner til tilfelle med kort varighet
2	Mindre sannsynleg	Kjenner eit tilfelle i løpet av 10 år
1	Lite sannsynleg	Kjenner ingen tilfelle men kan ha høyrd om tilsvarande i andre område

Sannsyn uønskte hendingar knytt til naturfare:

Tabell 3: Sannsyn uønskte hendingar knytt til naturfare.

Sannsyn		
5	Pårekast	Ei hending per år eller oftare
4	Særs sannsynleg	Ei hending per 1-100 år
3	Sannsynleg	Ei hending per 100-1000 år
2	Mindre sannsynleg	Ei hending per 1000-5000 år
1	Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 5000 år

§ 7-3 Sikkerhet mot skred

(1) Byggverk hvor konsekvensen av et skred, herunder sekundærvirkninger av skred, er særlig stor, skal ikke plasseres i skredfarlig område.

(2) For byggverk i skredfareområde skal det fastsettes sikkerhetsklasse for skred etter tabellen under. Byggverk og tilhørende uteareal skal plasseres, dimensjoneres eller sikres mot skred, herunder sekundærvirkninger av skred, slik at største nominelle årlige sannsynlighet i tabellen ikke overskrides.

Tabell 4: oversikt over dei tre tryggleiksklassane for skred, i følge TEK17.

Sikkerhets-klasse for skred	Konsekvens	Største nominelle årlige sannsynlighet	
S1	Liten	1/100	<ul style="list-style-type: none"> garasje, uthus og båtnaust mindre brygger lagerbygning med lite personopphold
S2	Middels	1/1000	<ul style="list-style-type: none"> enebolig, tomannsbolig og eneboliger i kjede/rekkehus/boligblokk/fritidsholig med maksimum 10 boenheter arbeids- og publikumsbygg/ brakkerigg/ overnatningssted hvor det normalt oppholder seg maksimum 25 personer. Byggverk der det er nødvendig å kreve et høyere sikkerhetsnivå ut fra hensynet til personsikkerhet inngår i sikkerhetsklasse S3, for eksempel sykehjem, skole og barnehage. driftsbygning i landbruket parkeringshus og havneanlegg
S3	Stor	1/5000	<ul style="list-style-type: none"> eneboliger i kjede/rekkehus/boligblokk/ fritidsholig med mer enn 10 boenheter arbeids- og publikumsbygg/brakkerigg/ overnatningssted hvor det normalt oppholder seg mer enn 25 personer skole, barnehage, sykehjem og lokal beredskapsinstitusjon

Tabell 5: Tryggleiksklassar for byggverk i flomutsatt område.

Sikkerhets-klasse for skred	Konsekvens	Største nominelle årlige sannsynlighet	
S1	Liten	1/20	<ul style="list-style-type: none"> garasje lagerbygning med lite personopphold
S2	Middels	1/200	<ul style="list-style-type: none"> bolig, fritidsholig og campinghytte garasjeanlegg og brakkerigg skole og barnehage kontorbygning industribygg driftsbygning i landbruket som ikke inngår i sikkerhetsklasse F1

S3	Stor	1/1000	<ul style="list-style-type: none"> <i>Byggverk for særlig sårbare grupper av befolkningen, for eksempel sykehjem og lignende.</i> <i>Byggverk som skal fungere i lokale beredskapssituasjoner, for eksempel sykehus, brannstasjon, politistasjon, sivilforsvarsanlegg og infrastruktur av stor samfunnsmessig betydning. For byggverk som har regional eller nasjonal betydning i beredskapssituasjoner gjelder første ledd.</i> <i>Avfallsdeponier der oversvømmelse kan gi forurensningsfare. For deponier som omfattes av storulykkeforskriften gjelder første ledd.</i>
----	------	--------	--

Konsekvens

Tabell 6: Vurdering av konsekvens.

Konsekvens		Liv og helse	Stabilitet	Materielle verdier
5	Svært store	>10 dødsfall eller >100 skadde	>1 000 personar manglar grunnleggande behov i 2 dagar eller meir	> 100 mill. kroner
4	Store	6-10 døde, 20-100 skadde	50-200 personar manglar grunnleggande behov i > 7 dagar, 200-1 000 personar manglar grunnleggande behov i 2 – 7 dagar, eller > 1 000 personar manglar grunnleggande behov i 1-2 dagar	20 mill. – 100 mill. kroner
3	Middels	3-5 døde, 6-20 skadde	< 50 personar manglar grunnleggande behov i > 7 dagar, 50-200 personar manglar grunnleggande behov i 2-7 dagar, 200-1 000 personar manglar grunnleggande behov i 1-2 dagar, eller > 1 000 personar manglar grunnleggande behov i < 1 dag	5 mill. – 20 mill. kroner
2	Små	1-2 døde, 3-5 skadde	< 50 personar manglar grunnleggande behov i 2-7 dagar, 50-200 personar manglar grunnleggande behov i 1-2 dagar, 200-1 000 personar manglar grunnleggande behov i < 1 dag	1 – 5 mill. kroner
1	Svært små	Ingen døde, 1-2 skadde	0-200 personar manglar grunnleggande behov i < 1 dag	< 1 mill. kroner

Risikomatrise

Risikomatrise er ein samanstilling av sannsyn og konsekvens av moglege uønskte hendingar.

Tabell 7: Risikomatrise.

	Ufarleg	Ein viss fare	Kritisk	Farleg	Katastrofalt
Pårekast	5	10	15	20	25
Sær sannsynleg	4	8	12	16	20
Sannsynleg	3	6	9	12	15
Mindre sannsynleg	2	4	6	8	10
Lite sannsynleg	1	2	3	4	5

Sårbarheitsvurdering av aktuelle hendingar

Med sårbarheit er det meint manglane evne hjå analyseobjektet til å motstå verknader av ei uønskt hending og til å gjenopprette sin opphavlege tilstand eller funksjon etter hendinga.

Ei sårbarheitsvurdering består av ein systematisk gjennomgang av dei viktigaste faktorane som påverkar risiko. Data- og erfaringsmaterialet om området for å vurdere dei ulike faktorane er av varierande detaljeringsgrad.

I sårbarheitsvurderinga er det nytta ei gradering ikkje sårbart, lite sårbart, moderat sårbart og svært sårbart.

Tabell 8: Kategoriar for sårbarheit.

Sårbarheitskategori	Skildring
Ikkje sårbart	Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet ikkje vert ramma.
Lite sårbart	Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet vert ubetydeleg ramma.
Moderat sårbart	Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet vert ramma slik at fare eller ulempe oppstår.
Svært sårbart	Eit vidt spekter av hendingar kan inntreffe der sikkerheit eller området sin funksjonalitet vert ramma slik at aktuell fare oppstår.

Med utgangspunkt i fareidentifikasjonen er følgande hendingar vald ut for nærmare sårbarheitsvurdering:

1. Skred
2. Ekstremnedbør og flaum i vassdrag
3. Sterk vind
4. Brann
5. Dambrot

6. Trafikkfare
7. Sårbare bygg – innsats på skadestaden og alternative transportvegar

Sårbarheitsvurderinga er gjort med tanke på dei viktigaste faktorane som påverkar risiko. Data og erfaringsmaterialet som er tilgjengeleg og som har vore grunnlag for å vurdere dei forskjellige faktorane, er av varierande kvalitet og nøyaktigheit.

Skred

Det er påvist samanhengar mellom globale klimaendringar og meir ekstremvær. Klimaprofilen for Buskerud viser at det vil bli meir nedbør, og meir nedbør på kort tid. Dette medfører auka førekommst av skred knytt til regnskyll/flaum, snøfall og snøsmelting. Dette gjeld i stor grad jordskred, flaumskred og sørpeskred (Norsk klimaservicesenter, 2022).

Frå år 1700 til 2021 er det i Skrednett (NVE, 2021) registrert totalt 16 skred i Gol, der det i år 1700 tok eit menneskeliv. Fem skred har vore steinsprang/steinskred, fire snøskred, fire lausmasseskred, to flaumskred, ein utglidning og eit ikkje angiv. Åtte av skreda har skjedd etter 2010. Av skred er det registrert jordskred, steinskred, flaumskred, snøskred og utglidning (sjå Figur 1).




Figur 1: Skredhendingar i Gol.

Aktsemndskart for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred i Gol kommune viser at dei fleste aktsemndssonene er lokalisert langs hovuddalføret, frå Rotneim til Engene (sjå Figur 2). Det har vore skredfarekartlegging på Rotneim, Golreppen, Gol sentrum, Herad og Engene. Ved Robru er det eit større område med busetnad som ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred, som ikkje er

skredfarekartlagt. Det er eitt område som ligg innanfor aktsemdsområde for skred som har vorte lagt inn i kommuneplanen. Alle aktsemdssonene er lagt inn i plankartet.

Det er vanskeleg å vurdere sannsyn for skred utan å gjennomføre konkrete skredfarevurderinger. Verdsetting av sannsyn for skred blir difor berre fargelagt og ikkje gitt nokon talverdi.

Område der kommuneplanen opnar for endringar er vurdert som **lite sårbare** for skred, med unntak av 1-2 område som er **moderat sårbare** for skred.



Figur 2: Aktsemdssoner for skred.

Ekstremnedbør og flaum

Gol er nedbørfattig. Målestasjonen på Stake hadde 546 mm per år som snitt i perioden 1964 – 1990 (Norsk klimaservicesenter, 2021). I perioden 1993 – 2020 hadde målestasjonen eit snitt på 549 mm per år, som viser at Gol har hatt ein auke i nedbør på 0,4 % sidan 1990. Det er likevel forventa at nedbøren i Buskerud er berekna til å auke med om lag 15 %. I tillegg er det forventa at store nedbørmengder på kort tid kan skje. I klimaprofilen for Buskerud er det lagt på 0 % klimapåslag for Hallingdalsvassdraget (Norsk klimaservicesenter, 2021). Aktsemdkart frå NVE viser at flaum i Hallingdalsvassdraget vil nå opp til

riksveg 7 i Herad og Engene. Det er fleire nye område som ligg innanfor aktsemensområde for flaum. Den konkrete flaumfaren må undersøkast på reguleringsplannivå.

Endringane i planen er på bakgrunn av føreliggande informasjon vurdert til å vere **ikkje sårbart** langs Hallingdalselva og Hemsil og **moderat sårbart** langs mindre elvar, bekkar og for kortvarige intensive hendingar.

Dambrot

Det vart gjort dambrotsbølgeberekningar for Hallingdalsvassdraget av Multiconsult i 2014 på oppdrag frå E-CO Energi (Multiconsult, 2014). Dambrotsbølgeberekningane er gjort for brot ved 1000-årsflaum. Det ligg generelt lite bebyggelse langs Hallingdalselva og Hemsil, og det er ikkje lagt inn nye utbyggingsområde langs desse vassdraga.

Område der kommuneplanen opnar for endringar er vurdert som **ikkje sårbare** for dambrot.

Vind

Vinddata er henta frå målestasjonen på Nesbyen. Det høgsaste vindkastet som er målt dei siste ti åra er 22,8 meter per sekund (m/s), som tilsvarar liten storm. Snittet på høgaste vindkast er 6,6 m/s. I ROS-analysen til kommuneplan frå 2011 kom det fram at normalt låg maks vind på 5 – 8 m/s. Det viser at vinden truleg har vore ganske stabil dei siste ti åra.

Klimaprofilen for Buskerud viser liten til ingen endring i midlere vindforhold, men usikkerheten er stor (Norsk klimaservicesenter, 2021). Det blir lagt opp til at kunnskap om lokale vindforhold blir teke med i planlegginga.

Område der kommuneplanen opnar for endringar er vurdert som **lite sårbare** for sterkt vind.

Forureining

I Gol er det svært få recipientar som er godt kartlagt. Kartlegging av recipientar er eit tidkrevjande arbeid, då ein må kartlegge recipientane over lengre periodar. Dette gjer at det er vanskeleg å vurdere kva konsekvensar utbygging har i mange område med tanke på forureining. Vannforskriften § 12 (2006) seier at ein berre kan gjennomføre ny aktivitet eller inngrep i ein vassførekommst sjølv om det medfører at miljømåla i § 4-7 ikkje blir nådd eller tilstanden blir forringa, på visse vilkår.

Utgangspunktet er difor at tilstanden på vassførekommstar ikkje skal bli dårlegare, og den skal forbetraust og gjenopprettast. Målet er at vasstilstandane skal ha god tilstand.

Ved utbygging over 50 personekvivalentar (PE), som er om lag 10 einingar, vil det vere krav om recipientprøvar etter forureiningsforskrifta § 13. I planarbeid der det er snakk om fleire enn ti einingar, er det difor relevant å kreve vurdering av miljøtilstand i samband med oppstart av reguleringsplanarbeid. Då veit ein veit kva recipienten toler når planen skal 1. gongsbehandlast, og kan sørge for at vannforskriften blir oppretthalde.

Kommunalt avløp

Det finst kommunalt reinseanlegg for området frå Storefjell til Oset og Guriset. Dette reinseanlegg har Tisleia som recipient. Tisleia er ein robust recipient, og anlegget blir drifta godt. Tisleia er registrert som ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF), men har god tilstand på total fosfor og nitrogen. Kapasiteten på reinseanlegget vil vere førande for kor stort utsleppsløyve ein kan tillate. Fordi det kommunale reinseanlegget er større enn 2 000 PE, er det Statsforvaltaren i Oslo og Viken som er forureiningsmynde. Alle innspel som ligg i kapittel 4. Golsfjellet aust, ligg innanfor det kommunale reinsdistriktet på Golsfjellet.

Jernbane


Bergensbanen er saman med riksveg 7 og riksveg 52 eit viktig samband mellom Oslo og Bergen, men også lokalt i Hallingdal. Hendingar på jernbanen kan difor ha konsekvensar utover Hallingdal. Det er berre eit innspel som ligg nær jernbanen. Dette innspelet er ikkje tilrådd å ta inn i kommuneplanen. Eit alternativ er å redusere innspelet slik at det ikkje kjem i mogleg konflikt med jernbanen. Dersom innspelet blir fjerna eller redusert, vil område som opnar for endringar vere vurdert som **ikkje sårbare** for jernbanen.

Radon

Radon aktsemdskart frå NGU (Figur 3) viser at det er moderat til lågt radon aktsemdsgrad i store delar av kommunen. Det er høg radon aktsemdsgrad i Gol sentrum, og frå Herad og ned til Engene. På Søråsen er det registrert særleg høg aktsemdsgrad for radon.

Dette kartet kan ikkje nyttast for å føresei radon-konsentrasjonen i enkeltbygningar, men den kan gi kommunen eit grunnlag for fyrste vurdering av radonfare.

TEK 17 § 13-5 2. avsnitt seier at bygningar med rom for varig opphold skal: a) ha radonsperre mot grunnen og: b) vere tilrettelagt for trykkreduserande tiltak under bygningen som kan aktiverast når radonkonsentrasjonen i innelufta overstig 100 Bq/m³.



Figur 3: Viser aktsemdskart for radon. Grå farge er usikker, gul/beige farge er moderat til låg, rosa er høg og lilla er særhøg aktsemdsgrad.

Brann

Mellom 2015 og 2021 var det totalt 29 bygningsbrannar i Gol kommune, der 13 av brannane var bustadbrannar (SSB). Det var 622 utrykkingar i perioden 2016 til 2021.


Når det kjem til nye område, så er det flest hytteområde som er lagt inn. Det er eit fokus på fortetting og utviding av eksisterande hyttefelt. Fortetting gjer at hyttene blir plassert tettare inntil kvarandre, som igjen fører til at hyttefelta blir meir utsett for spreiling av brann. Det er difor viktig at det er krav til tilstrekkeleg sløkkevatn når ein utarbeider reguleringsplanar for nye område. Sannsynet for brann er vanlegvis lågt. Konsekvensane av brann er derimot store. Grunna store avstandar i kommunen har brannvesenet lang responstid.

I overordna ROS-analyse for Gol kommune frå 2022, er skogbrann noko av det som har størst konsekvens for naturmiljø. Ein større skogbrann kan medføre svikt i infrastruktur, tele og straumforsyning, og dertil andre funksjonar i samfunnet. Skogbrann kan få følger for eit større geografisk område og fleire kommunar. Dei fleste brannar oppstår om våren og forsommaren. I 2019 var april som den månaden med flest skogbrannar etterfølgd av juli.


Vi har ikke data som tilseier at Gol kommune er meir utsett for skogbrann enn andre kommunar. Fordi Gol har utbygging i heile kommunen, kan avstand til brannstasjon og vegstandard vere med på å gi lang responstid.

Figur 4 og Figur 5 viser geografiske analysar av brannpotensiale og skogbrannpotensialet i skog i Gol kommune. Analysane vekter mellom anna terrenghelling, hellingsretning, treslag, bonitet, vegetasjonen sin alder, treslag og grunntilhøve etter risiko for skogbrann (DSB, 2022). Figurane viser at brannfarepotensialet og skogbrannpotensialet er størst nede langs dalsidene. Dei fleste innspela til kommuneplanen ligg oppe på fjellet, i område der den naturlege brannfaren er låg.

I spreidde utbygde område og område utan sløkkevatn, er arealbruken **moderat sårbar** for skogbrann.



Figur 4: Brannfarepotensialet i Gol kommune (DSB, 2022).



Figur 5: Skogbrannpotensialet i Gol kommune (DSB, 2022).

Trafikk


Gol kommune har mykje gjennomgangstrafikk frå aust/vest-sambandet mellom Oslo og Bergen. Både riksveg 7 og riksveg 52 er viktige ferdssårar som går gjennom Gol, i tillegg til at dei er viktige lokalvegar. Fylkesveg 51 som går frå Gol og gjennom Valdres er også ei viktig ferdssåre.

I Gol kommune er mesteparten av busetnaden lokalisert innanfor Gol tettstad, som har ein eigen kommunedelplan. For bebuarar i Gol blir riksvegane og fylkesveg 51 mest brukt som internvegar for dei som bur i grendene.

Gol kommune har mange fritidsbustader. Dei fleste fritidsbustadene ligg på austsida og vestsida av Golsfjellet. Fritidsbustadene på austsida av Golsfjellet har tilkomstveg frå fylkesveg 51 ved Hallingen. Fylkesveg 51 byrjar vest for Heslabrua i Gol sentrum. Heslabrua er eit kritisisk punkt der trafikken har lett for å hope seg opp. Fritidsbustadene på vestsida av Golsfjellet har tilkomstveg frå fylkesveg 2918 ved Sørbølkrysset. Fylkesveg 2918 byrjar ved Robru. Krysset har god sikt i begge retningar, men er noko utflytande.

Forbi austre og midtre innkøyring til Gol sentrum har riksveg 7 ein årsdøgntrafikk (ÅDT) på 5 250. Vest for vestre innkøyring til Gol sentrum har riksveg 7 ein ÅDT på 4 100. Forbi Spildra har riksveg 52 ein ÅDT på 3 100.

Det er registrert 77 trafikkulukker med drepne eller skadde i Gol fra 2010 til 2021 (sjå Figur 6). Av desse har 5 vore dødsulukker, med totalt 5 omkomne. 114 personar har vorte skadd, og av desse har 9 personar vorte hardt skadd og 103 personar vorte lettare skadd. For 2 personar er skadegraden oppgitt (SSB). Data henta frå Nasjonal vegdatabank (NVDB) viser at 44 av trafikkulkkene skjedde på riksveg. 18 av trafikkulkkene skjedde på fylkesvegar. 10 trafikkulukker skjedde på kommunale vegen. To ulukker skjedde på skogsbilveg. 51 av ulukkene har vore utforkøyringar og møteulukker.



Figur 6: Kart over trafikkulukker med drepne eller skadde i Gol.

Ingen av dei nye områda vil medføre at ein må lage nye avkøyringar til riksvegane eller fylkesvegane. Dei fleste nye områda ligg på austsida og vestsida av Golsfjellet, og har gode avkøyringar til riksvegane og fylkesvegane. Langs fylkesveg 51 – Valdresvegen – er det lagt inn nokre nye område. Desse må nytte eksisterande avkøyringar og eventuelt oppgradere desse. Dette må ein gjere på reguleringsplannivå, og desse må ivareta utformingane i vegnormalane til Statens vegvesen.

Planen opnar ikkje for vesentlege endringar langs riks- og fylkesvegane gjennom Gol. Dei fleste endringane er knytt opp mot det sekundære vegnettet. Riks- og fylkesvegane gjennom kommunen framstår som **moderat sårbart** for hendingar. Den endra arealbruken endrar ikkje dette.

Hendingar sin påverknad på kvarandre

Hendingar vil kunne påverke kvarandre. Anten som ein forsterkande faktor dersom det er samanfallande hendingar eller som ein utløysande faktor. Matrisa under er henta frå den overordna ROS-analysen for Gol kommune (2022), side 14. Den illustrerer kva hendingar som påverkar kvarandre.

		ØNSKTE KATEGORISERTE HENDINGAR																		
		a. Skred/ras	b. Ekstremvær	c. Forureining	d. Stor ulukke	e. Smitte/pandemi	f. Matboren sjukdom	g. Elektrisitetsforsyning	h. Telefoni og EKOM	i. Bygningsbrann	j. Vassforsyning	k. Avløpsanlegg og rein.	l. Skogbrann	m. PLIVO	n. Kriseleiing og media	o. Vald, seksuelle overgrep	p. Terror	q. Jordskjelv	r. Flaum	s. Digitale rom
ØNSKTE KATEGORISERTE HENDINGAR	a. Skred/ras	O		X	X			X	X		X	X			X			X		
	b. Ekstremvær	X	O	X	X			X	X		X	X			X				X	
	c. Forureining		O								X	X								
	d. Stor ulukke			X	O															
	e. Smitte/pandemi					O	X				X					X				
	f. Matboren sjukdom					X	O													
	g. Elektrisitetsforsyning							O	X		X	X							X	
	h. Telefoni og EKOM							X	O			X							X	
	i. Bygningsbrann									O										
	j. Vassforsyning									X									X	
	k. Avløp/renovasjon									X			O	X					X	
	l. Skogbrann					X	X			X	X		X	X	O		X			
	m. PLIVO									X	X				O	X				
	n. Kriseleiing/media	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	X	O	X	X	X	X	X
	o. Vald, overgrep									X						O				
	p. Terror					X				X					X		O		X	
	q. Jordskjelv	X		X	X				X	X	X	X	X	X		X		O	X	
	r. Flaum	X		X	X				X	X		X	X		X		X		O	
	s. Digitale rom								X	X		X	X		X		X		O	

Figur 7: Viser korleis ulike hendingar kan påverke kvarandre.

1. Søråsen

1.1 Rauddalen

Storleik:	Innspel: 88,9 daa	Til 1. gongsbehandling: 25 daa	Innstilling: 0 daa				
Antal nye eininger:	Om lag 15 nye eininger.						
Dagens føremål KP/RP:	LNF/ Uregulert						
Reguleringsplan	Uregulert						
Omsøkt føremål:	Bustader						
Tilleggsinfo:	Området vart redusert frå 88,9 daa i grovsilinga.						
Analyse							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Samsyn	Kons.	Risiko	Kommentar/tiltak	Kjelde
1. Ras/skred	Nei	Nei	1	1	1	Området ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for ras/skred	(NVE, 2021)
2. Flaum	Nei	Nei	1	1	1	Området ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for flaum. Det er ikkje registrert bekkar innanfor planområdet.	(NVE, 2021) gisline
3. Skog/lyngbrann	Nei	Nei	1	1	1	Grenser til større område med urørt natur på begge sider av Søråsvegen. Myr og dyrka mark rundt området, samt Høvren 1,5 km nedanfor området, reduserer faren for skogbrann. Skogbrann- og brannfarepotensialet er vurdert til å vere lågt.	Gisline, (DSB, 2022)
4. Brann/sløkkevatn/tilkomst brannbil	Nei	Ja	1	4	4	26 km til brannstasjon. Ikkje sløkkevatn i dag, men det kan ein stile krav om. Tilkomstveg i to retningar.	(Google, 2022)
5. Vind	Nei	Nei	1	1	1	Området er ikkje spesielt vindutsett. Området ligg under tregrensa.	
6. Forureining	Nei	Ja	2	2	4	Resipient er lite kartlagt. Det vil vere naudsynt med prøvetaking av recipient før etablering av hytter.	
7. Støy og støv	Nei	Nei	1	1	1	Området er ikkje spesielt støy- eller støvutsett.	
8. Radongass	Nei	Ja	4	3	12	Aktsemduktskart for radon viser særskilt høg aktsemduktsgrad. Det må pårekna seg og gjennomføre radontiltak dersom ein skal bygge. TEK17 stiller uansett krav til radonsikring.	(NGU, 2021), (DIBK, 2017)
9. Høgspentline	Nei	Nei	1	1	1	Det går ikkje straum inn til området i dag. Eventuelle straumkablar må leggast slik at dei ikkje påverkar eventuelle hyttefelt.	(NVE, 2021)
10. Trafikk-tryggleik	Ja	Ja	2	1	2	Vegen forbi området er privat grusveg med 80-sone. Det er registrert to trafikkkulukker på Søråsvegen. Dei	(SVV, 2021)

						skjedde i 1997 og 2017. Ingen av dei var i nærleiken av innspelsområdet.	
11. Høve til riks- og fylkesveg	Ja	Nei	2	2	4	Inn/ utkøyring fra riksveg 7 i 40-sone med fartshumpar. Dette krysset har god sikt i begge retninger.	(SVV, 2021)
12. Risiko for omgjevnaden	Nei	Nei	1	1	1	Det er ingen andre kjende farar i planområdet.	
Oppsummering:	<p>Største utfordringa er avstand til brannstasjon – 26 km. Det vil ta lang tid før brannbil er på plass, og om vinteren kan det vere utfordrande å køyre opp Liagardsvegen.</p> <p>Det er usikkerhet rundt forureining, då resipienten er lite kartlagt.</p> <p>Høg aktsemgsgrad av radon kan avbøtast med radontiltak i henhold til TEK17.</p> <p>Det er vurdert at området har middels risiko for å bli utsatt for uønskte hendingar.</p>						

2. Herad

2.1 Halli, 5/26 – B-1

Storleik:	Innspel: 25 daa	Til 1. gongsbehandling: 25 daa	Innstilling: 0 daa				
Antal nye einingar:	Om lag 8 nye einingar						
Dagens føremål KP/RP:	LNF/Uregulert						
Reguleringsplan	Uregulert						
Omsøkt føremål:	Bustader						
Tilleggsinfo: Innspellet vart lagt inn av formannskapet i møte 29. september 2022.							
Analyse							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sannsyn	Kons.	Risiko	Kommentar/tiltak	Kjelde
1. Ras/skred	Nei	Nei	1	1	1	Området ligg ikkje innanfor aktsemdosområde for ras/skred	(NVE, 2021)
2. Flaum	Nei	Nei	1	1	1	Området ligg ikkje innanfor aktsemdosområde for flaum. Det er ikkje registrert bekkar innanfor planområdet.	(NVE, 2021) gisline
3. Skog/lyngbrann	Ja	Ja	2	3	6	Grenser til større område med urørt natur på oversida, men brannar spreier seg gjerne oppover, ikkje nedover. Nedanfor området er skogbrannpotensialet lågt og middels. Rett aust for området er skogbrannpotensialet stort grunna ein bratt skrent. Hogst kan redusere skogbrannfaren.	Gisline, (DSB, 2022)
4. Brann/sløkkevatn/tilkomstbrannbil	Ja	Ja	1	4	4	8 km unna brannstasjon. Ikkje sløkkevatn i dag. Området ligg langt unna tett bebyggelse. Bratt tilkomstveg berre i ein retning kan gjøre utrykking utfordrande, særleg om vinteren. Hallingdal brann- og redningsteneste (HBR) tilrår maksimalt 8 % stigning på vegar. Brenneplassvegen er i snitt meir enn 10 %. Brannar spreier seg gjerne oppover. Det kan gjøre dette området meir utsett for brann enn om området låg lengre ned i terrenget.	(Google, 2022), (HBR, 2021), (Norkart, 2022)
5. Vind	Nei	Nei	1	1	1	Området er ikkje spesielt vindutsett. Området ligg under tregrensa.	
6. Forureining	Nei	Nei	2	2	4	Resipient er lite kartlagt. Det vil vere naudsynt med prøvetaking av recipient før etablering av fleire bustader. Krav om tilkopling til kommunalt avløp er eit aktuelt tiltak.	
7. Støy og støv	Nei	Nei	1	1	1	Området er ikkje spesielt støy- eller støvutsett.	

8. Radongass	Nei	Nei	2	2	4	Aktsemdeskart for radon viser ein blanding av moderåt til låg aktsemdsgrad og usikker aktsemdsgrad. TEK17 stiller uansett krav til radonsikring.	(NGU, 2021), (DIBK, 2017)
9. Høgspentline	Nei	Nei	1	1	1	Avstand til kraftlinje er meir enn 200 meter.	(NVE, 2021)
10. Trafikk-tryggleik	Nei	Nei	1	1	1	Vegen inn til området er privat grusveg med 50-sone. Vegen er svingete og bratt og det er vanskeleg å køyre fort. Det er ikkje registrert trafikkulukker på vegen inn til området.	(SVV, 2021)
11. Høve til riks- og fylkesveg	Ja	Nei	2	1	1	Inn/utkøyring frå riksveg 7 i 40-sone med fartshumper. Dette krysset har god sikt i begge retningar.	(SVV, 2021)
12. Risiko for omgjevnaden	Nei	Nei	1	1	1	Det er ingen andre kjende farar i planområdet.	
Oppsummering:	Innspelsområdet er utsett for nokre uønskte hendingar. Desse er i hovudsak knytt opp mot brann. Det er bratt tilkomstveg inn til området i berre ein retning. Om vinteren er det ikkje sikkert at brannbil vil kome seg fram. Det er vurdert at området har middels risiko for å bli utsett for uønskte hendingar.						



3. Valdresvegen frå Åsgardane til Valdres grense

3.1 Åsgardane barnehage, 11/48 – KBA-3

Storleik:	Innspel: 3,6 daa	Til 1. gongsbehandling: 3,6 daa	Innstilling: 3,6 daa				
Omfang av tiltaket:	Om lag 4 nye eininger						
Dagens føremål KP/RP:	Tenesteyting/ uregulert						
Reguleringsplan	Uregulert						
Omsøkt føremål:	Kombinert bebyggelse- og anleggsføremål						
Analyse							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Samsyn	Kons.	Risiko	Kommentar/tiltak	Kjelde
1. Ras/skred	Nei	Nei	1	1	1	Området ligg ikkje innanfor aktsemdosområde for ras/skred	(NVE, 2021)
2. Flaum	Nei	Nei	1	1	1	Området ligg ikkje innanfor aktsemdosområde for flaum. Det er ikkje registrert bekkar innanfor planområdet.	(NVE, 2021) gisline
3. Skog/lyngbrann	Nei	Nei	1	2	2	Området ligg ikkje inntil større skogområde. Dyrka mark nedanfor og ovanfor området. Lågt skogbrann- og brannfarepotensial.	Gisline, (DSB, 2022)
4. Brann/sløkkevatn/tilkomstbrannbil	Ja	Nei	1	3	3	6 km til brannstasjon. Ikke sløkkevatn i dag, og det er stor avstand til nærliggande bebyggelse. Tilkomstveg i to retningar. Direkte tilkomst frå fylkesvegen.	(Google, 2022)
5. Vind	Nei	Nei	1	1	1	Området er ikkje spesielt vindutsett. Området ligg under tregrensa.	
6. Forureining	Nei	Nei	1	1	1	Heimsil er svært god på fosfor og god på nitrogen, recipient er registrert som SMVF (sterkt modifisert vassførekommst) grunna kraftregulering. Påverknaden er ikkje eit problem for 4 bustader.	
7. Støy og støv	Ja	Nei	3	3	9	Store delar av området ligg innanfor gul støysone i vegvesenet sitt støyvarselkart, men det er tilgang til stille side på baksida av bygget. Før ein kan gjennomføre tiltak må ein vise til at støy er innanfor grenseverdiane i T-1442. Det må truleg gjennomførast konkrete støymålingar på reguleringsplan-/byggesaksnivå.	(SVV, 2021)
8. Radongass	Nei	Nei	1	2	2	Aktsemdukart for radon viser moderat til låg aktsemdsgrad. TEK17 stiller krav til radonsikring.	(NGU, 2021)


						(DIBK, 2017)
9. Høgspentline	Nei	Nei	1	1	1	Avstanden til nærmeste kraftlinje er om lag 130 meter. (NVE, 2021)
10. Trafikk-tryggleik	Ja	Ja	1	2	2	Potensielt utrygt med kort avstand til fylkesvegen. Bygget er tidlegare skule og barnehage, og det er ikke registrert ulukker her tidlegare. Redusert fartsgrense (60 km/t) er allereie nyttet som verkemiddel. Ytterlegare reduksjon (40 km/t) og fartshump er mogleg, men truleg ikke sannsynleg. (SVV, 2021)
11. Høve til riks- og fylkesveg	Ja	Nei	2	2	4	Avkjøring direkte frå fv. 51 i 60-sone. Krysset har god sikt i begge retningar. (SVV, 2021)
12. Risiko for omgjevnaden	Nei	Nei	1	1	1	Det er ingen andre kjende farar i planområdet.
Oppsummering	Området ligg innanfor gul støysone frå fylkesvegen. Baksida av eigedomen ligg utanfor gul støysone. Med tiltak vil det truleg vere mogleg å få ein større del av eigedomen utanfor gul støysone. Det er vurdert at området har låg risiko for å bli utsett for uønskete hendingar.					

3.2 Åsgardane, 12/1 og 12/4

Storleik:	Innspel: 19 daa					Til 1. gongsbehandling: 19 daa	Innstilling: 0 daa		
Omfang av tiltaket:	200 000 m ³								
Dagens føremål KP/RP:	LNF/uregulert								
Reguleringsplan	Uregulert								
Omsøkt føremål:	Masseeuttak								
Analyse									
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sannsyn	Kons.	Risiko	Kommentar/tiltak			
1. Ras/skred	Nei	Nei	1	1	1	Området ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for ras/skred	(NVE, 2021)		
2. Flaum	Nei	Nei	1	1	1	Området ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for flaum. Det er ikkje registrert bekkar innanfor planområdet.	(NVE, 2021) gisline		
3. Skog/lyngbrann	Ja	Nei	2	1	2	Stort skogbrannpotensiale nedanfor området langs Tykjehusvegen. Dette kan reduserast med hogst. Skogbrann har små konsekvensar for eit masseeuttak. Større skogområde ovanfor området. Dette området har lågt skogbrannpotensiale.	Gisline, (DSB, 2022)		
4. Brann/sløkkevatn/tilkomst brannbil	Nei	Ja	1	3	3	11 km unna brannstasjon. Bratt tilkomstveg berre i ein retning kan gjere utrykking utfordrande, særleg om vinteren. Hallingdal brann- og redningsteneste (HBR) tilrår maksimalt 8 % stigning på vegar. Tykjehusvegen har i snitt 11 % stigning. Lite sannsynleg med brann i eit masseeuttak.	(Google, 2022), (HBR, 2021), (Norkart, 2022)		
5. Vind	Nei	Nei	1	1	1	Området er ikkje spesielt vindutsett. Området ligg under tregrensa.			
6. Forureining	Ja	Ja	2	3	6	Usikkert. Må gjera tiltak på reguleringsplannivå.			
7. Støy og støv	Nei	Ja	3	3	9	Masseeuttak vil skape støy og støv i mange år. Avstand til busetnad er utfordrande. Næraste hytte ligg om lag 165 meter unna, med ein høgdeskilnad på om lag 25 meter. Næraste hytte om lag 150 meter unna, med ein høgdeskilnad på om lag 10-15 meter. I vedlagt tilleggsinfo er det nemnd at det vil vere sprenging ein gong i året og knusing to gongar i året. Dette vil begrense tidsrommet for støy betrakteleg, og vil truleg vere meir akseptabelt for naboor. I vedlagt			

						støyvurdering er det opplyst at støynivå ved nærmeste bustader/fritidsbustader vil innfri grenseverdi Lden ≤ 55 dB for «verste døgn».	
8. Radongass	Nei	Nei	1	2	2	Aktsemduktskart for radon viser moderat til låg aktsemduktsgrad.	(NGU, 2021)
9. Høgspentline	Nei	Nei	1	1	1	Ikkje relevant for eit grustak. Avstanden til 300 kV kraftlinje er om lag 30 meter.	(NVE, 2021)
10. Trafikk-tryggleik	Nei	Nei	2	2	4	Privat grusveg. To hytter nyttar vegen inn til området. Det kan vere skummelt å blande tung anleggstrafikk og privatbilar på ein smal, bratt veg. Vegen inn til området er privat grusveg. Vegen er bratt. Det er ikkje registrert trafikkulukker på vegen inn til området.	(SVV, 2021)
11. Høve til riks- og fylkesveg	Ja	Nei	2	2	4	Skrå inn/utkøyring frå fylkesveg 2912 i 50-sone. God sikt mot aust, ok sikt mot vest. Ein kan betre siktlhøve med siktlinjer og å rette opp krysset. I reguleringsplan for Bråten massetak (om lag 1 km unna) stilte vegvesenet krav til at masseuttaket skulle ha maks uttak på 10 000 m ³ i året grunna kapasiteten på fv. 2912. Det er ikkje sikkert at Øvrevegen har kapasitet til eit masseuttak til. Det er registrert ein trafikkulukke i 1989 på fv. 2912 vest for avkjøring til området.	(SVV, 2021)
12. Tilhøve for omgjevnaden	Ja	Ja	2	3	6	Avstand til nærmeste bebyggelse er om lag 150 meter. Masseuttak vil skape store kantar på sidene. Det er viktig med midlertidig og permanent sikring av området slik at ingen kan ramle ned.	
Oppsummering:	Uønskte hendingar er knytt til sjølvle tiltaket. Masseuttak vil støye og forureine i mange år framover, og avstanden til bustader er kort. Vedlagte støyvurderinger viser at støynivået innfri grenseverdi Lden ≤ 55 dB for «verste døgn». Sprenging ein gong i året og knusing to gongar er avbøtande tiltak som hindrar kontinuerleg støy i området. Det er viktig med midlertidig og permanent sikring av området. Det er vurdert at området har middels risiko for å bli utsett for uønskte hendingar.						

3.3 Smøget, 9/34 – RU-5

Storleik:	Innspel: 70 daa	Til 1. gongsbehandling: 70 daa	Innstiling: 70 daa				
Omfang av tiltaket:	2 millionar m ³						
Dagens føremål KP/RP:	LNF/LNF						
Reguleringsplan	Uregulert, men inntil reguleringsplan for Fjerdingsbekk-haugen						
Omsøkt føremål:	Masseuttak						
Analyse							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sannsyn	Kons.	Risiko	Kommentar/tiltak	Kjelde
1. Ras/skred	Nei	Nei	1	1	1	Området ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for ras/skred	(NVE, 2021)
2. Flaum	Nei	Nei	1	1	1	Den sørlege delen av området ligg nær aktsemdsområde for flaum, men bekken ligg om lag 10 meter lågare i terrenget enn innspelsområdet.	(NVE, 2021) gisline
3. Skog/lyngbrann	Ja	Nei	1	2	2	Grenser til større skogområde. Skogbrannpotensialet i området er lågt, men brannfarepotensialet er middels. Skogen er hogd vest for området. Dette reduserer risikoen for skogbrann ytterlegare. Skogbrann har små konsekvensar for eit masseuttak.	Gisline, (DSB, 2022)
4. Brann/sløkkevatn/tilkomst brannbil	Ja	Nei	1	2	2	11 km til brannstasjon. Ikke sløkkevatn i dag. Direkte tilkomst til fylkesveg i to retningar. Konsekvensane for brann i eit masseuttak er små.	(Google, 2022)
5. Vind	Nei	Nei	1	1	1	Området er ikkje spesielt vindutsett. Området ligg under tregrens.	
6. Forureining	Ja	Nei	2	3	6	Masseuttak kan medføre forureining. Det må sikrast tiltak som reduserer/forhindrar forureining gjennom reguleringsplan.	
7. Støy og støv	Ja	Ja	3	1	3	Utviding av eksisterande masseuttak. Det ligg ikkje busetnad i nærområdet, men avstanden til skiløyper er kort. Beste tiltaket mot støy er å auke avstanden til skiløypa.	(SVV, 2021)
8. Radongass	Nei	Nei	2	2	4	Aktsemdkart for radon viser usikker aktsemdsgrad.	(NGU, 2021)

9. Høgspentline	Nei	Nei	1	1	1	Det går ikke høgspent nær området i dag. (NVE, 2021)
10. Trafikk-tryggleik	Ja	Nei	2	2	4	Sjå punkt 11.
11. Tilhøve til riks- og fylkesveg	Ja	Nei	2	2	4	Ingen endringar. Avkjøring direkte frå fv. 51 i 80-sone. Siktlinjer er regulert i eksisterande reguleringsplan. (SVV, 2021)
12. Risiko for omgjevnaden	Nei	Nei	2	3	6	Avstanden til skiløype er kort, og masseuttak vil skape store kantar på sidene. Det er viktig med midlertidig og permanent sikring av området slik at ingen kan ramle ned.
Oppsummering:	<p>Området er etablert som masseuttak i dag. Kort avstand til skiløyper gjer at det kan ferdast folk i området. Det er viktig med midlertidig og permanent sikring av området slik at ingen kan ramle ned.</p> <p>Det er vurdert at området har låg risiko for å bli utsett for uønskete hendingar etter at det er etablert sikringstiltak.</p>					

3.4 Hamarstad – FB-7

Storleik:	Innspel: 23 daa	Til 1. gongsbehandling: 23 daa	Innstilling: 23 da				
Antal nye eininger:	Om lag 5 nye eininger						
Dagens føremål KP/RP:	Næring og LNF/Fritidsbusetnad og LNF						
Reguleringsplan	Tretteskogane						
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad						
Analyse							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sannsyn	Kons.	Risiko	Kommentar/tiltak	Kjelde
1. Ras/skred	Nei	Nei	1	1	1	Området ligg ikkje innanfor aktsemdsområde for ras/skred	(NVE, 2021)
2. Flaum	Ja	Ja	2	3	6	Den nordlege delen av området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Ikkje registrert kritiske punkt i bek. Konkret flaumfare må greia ut på reguleringsplannivå. Eit mogleg tiltak er å heve terrenget. Samtidig er det noko eksisterande bebyggelse i området.	(NVE, 2021) gisline
3. Skog/lyngbrann	Nei	Nei	1	1	1	Området består av eksisterande bebyggelse. Myrområde, Hamartjerne, Tubbeåne og fv. 51 reduserer sannsynet for skogbrann. Skogbrannpotensialet er lågt.	Gisline, (DSB, 2022)
4. Brann/sløkkevatn/tilkomst brannbil	Ja	Nei	1	3	3	15 km til brannstasjon. Ikkje sløkkevatn i dag, men det kan ein stile krav om. Tilkomstveg i ein retning siste 100-200 meter. Kort avstand til Hamartjern, dersom Hamartjern kan brukast som tappepunkt.	(Google, 2022)
5. Vind	Nei	Nei	1	1	1	Området er ikkje spesielt vindutsett. Området ligg under tregrensa.	
6. Forureining	Nei	Nei	1	1	1	Begroingsalger, totalfosfor og total nitrogen. Vassførekommst er svært bra. 5 eininger vil ikkje påverke resipient nemneverdig.	
7. Støy og støv	Nei	Nei	3	3	9	Den vestre delen av området ligg innanfor gul støysone i vegvesenet sitt støyvarselkart. Før ein kan gjennomføre tiltak må ein vise til at støy er innanfor grenseverdiane i T-1442. Stille side i aust. Det må truleg gjennomførast konkrete støymålingar på reguleringsplan-/byggesaksnivå.	(SVV, 2021)


8. Radongass	Ja	Nei	2	2	4	Aktsemdskart for radon viser usikker aktsemdsgrad. TEK17 stiller krav til radonsikring.	(NGU, 2021)
9. Høgspentline	Ja	Ja	2	2	4	Det byrjar ein 24 kV høgspentline i utkanten av området. Hallingdal kraftnett kan setje krav om 10-20 meter omsynssone i reguleringsplan.	(NVE, 2021)
10. Trafikk-tryggleik	Ja	Ja	1	2	2	Potensielt utrygt med kort avstand til fylkesvegen. Det er ikkje registrert ulukker i nærområdet.	(SVV, 2021)
11. Tilhøve til riks- og fylkesveg	Ja	Nei	2	2	4	Eksisterande inn/utkøyring frå fv. 51 i 80-sone. Dette krysset har god sikt i begge retningar.	(SVV, 2021)
12. Risiko for omgjevnaden	Nei	Nei	1	1	1	Det er ingen andre kjende farar i planområdet.	
Oppsummering:	<p>Den nordre delen av området ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Reell fare er usikker. Konkret flaumfare må difor greia ut på reguleringsplannivå eller ved byggesak. Delar av området ligg innanfor gul støysone. Må gjerast støyvurderingar på reguleringsplannivå. Baksida av eigedomane ligg utanfor gul støysone. Med tiltak vil det truleg vere mogleg å få ein større del av området utanfor gul støysone.</p> <p>Det er vurdert at området har middels risiko for å bli utsett for uønskte hendingar.</p>						

3.5 Tretteskogane, 25/50 – FB-16

Storleik:	Innspel: 95,6 daa	Til 1. gongsbehandling: 95,6 daa						Innstilling: 27 daa
Antal nye einingar:	Om lag 14 nye einingar							
Dagens føremål KP/RP:	LNF og fritidsbusetnad/ LNF og fritidsbusetnad							
Reguleringsplan	Tretteskogane							
Omsøkt føremål:	Fritidsbusetnad							
Analyse								
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sannsyn	Kons.	Risiko	Kommentar/tiltak		
1. Ras/skred	Nei	Nei	1	1	1	Ligg utanfor aktsemdsområde for skred.		
2. Flaum	Nei	Nei	1	1	1	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum. Ikkje registrert kritisk punkt i bekk.		
